

MORGAN TAULE
RADØYVEGEN 430
5938 SÆBØVÅGEN

Dato	18.04.2023
Vår referanse	2023/36651-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702

Dispensasjon frå byggegrensa - garasje - gnr. 482 bnr. 27 - fv. 565 Radøyvegen - Alver kommune

Vi viser til søknad datert 30.12.2022, som er oversendt frå Alver kommune. Det er søkt om dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg for å oppføre ein garasje på eidedomen.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 565 Radøyvegen for å oppføre garasje på gnr. 482 bnr. 27 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 30.12.2022.
2. Avstanden frå tiltaket (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 565 Radøyvegen skal vera minst 22 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomstilhøva for eidedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eidedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eidedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 565.
6. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eidedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 60 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 3900. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse *viktig hovudveg* jf. Rammeplan 2021-2024. Den seier «Der det er tilrettelagt med gang- og sykkelveg, busshaldeplass og fartsgrensa 70 km/t eller lågare kan søknad om dispensasjon frå byggegrensa vurderast. Støykrava i byggtknisk forskrift skal oppfyllast».

Vi vurderer at garasjen ikkje vil komme i konflikt med siktliner eller bruken av fylkesvegen slik den er i dag. Etter ei samla vurdering av tilhøva på staden gjev vi dispensasjon frå byggegrensa for å oppføre garasje på eigedomen.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen
fagkoordinator
INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg
1 Situasjonsskart.pdf

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906

FREKHAUG